

Frode Bidne og Ine Grønhaug Olsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2209 - 16/16409

Saksbehandlar:

Rune Kilen

Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:

17.06.2016

## Svar på e-post fartsdump i byggefelt - Oterdalen

Teknisk drift syner til Dykkar e-post av 11.06.2016 vedkomande ønske om fartshump mellom Oterdalen 4A og 6A.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert forholda i kommunal veg ved Oterdalen 4A og 6A. Tilbakemelding til Dykk vert at vi ikkje kan legge fartshump på den aktuelle strekninga. Dykkar ønskje om fartshump vert difor avslått med følgjande grunngeving: «Avstand mellom kommunale vegkryss avkjørslar og avstand mellom avkjørslane er for kort til at det kan etablerast fartshump her. Fartshumper skal være plassert slik at dei ikkje er til hinder for avkjørslar og vegkryss. Kjøreøy skal stå mest mogleg vinkelrett på fartshumpen når dei køyrer over denne».

Kommunen har tidlegare innført 30-sone i alle bustadfeltene i Knarvik. Nordhordland lensmannskontor er rett mynde når det gjeld handheving av disse skilta. Veger i bustadfelte vert etablert smale (1 til 1.5 kjørefelt med to kjøreretningar). Føremålet med å etablere smale veger er å få farten ned.

Kommunen har registrert at det, i ein del felt, vert det etablert sikthindringar i avkjørslar og i vegkryss (hekk, busker, tre og murer). Den einkilde huseigar er ansvarleg for at deira hekk, busker, tre og murer ikkje tek sikt i avkjørslar og i vegkryss. Det er heller ikkje lov å parkere i disse sonene.

Teknisk drift vil forløpande vurder tryggingstiltak i heile feltet. I første omgang har kommunen sett inn annonse i lokalavisa om grunneigars plikt til å halde si siktzone i avkjørslar og i vegkryss dersom eigedom grenser mot slikt kryss. Vi vil og sjå på andre tiltak som innsnevring av kjørebane for å få farten ned.

Når det gjeld «Born leikar» skilt er dette ein type skilt som ikkje er offentleg. Slike skilt vert derfor ikkje sett opp av kommunen. Alle skilt som vert sett opp langs offentleg veg er søknadspliktig til vegdirektoratet. Det vil seie at «born leikar» skilt må ha gyldig vedtak frå vegdirektoratet. Vegdirektoratet seier konsekvent nei til private skilt langs offentleg veg. Svaret er uavhengig formålet med skiltet. Private skilt skal ikkje settast opp langs offentleg veg.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Frode Bidne og Ine Grønhaug Olsen